



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Att: Ina Therese Aarnes Sørfonden
Askedalen 2
6863 Leikanger

Dykkar ref:

Vår ref.: 83/2017 SHH

Sted/Dato Leikanger/Bjørke 6.11.2017

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt engasjement i Njøs næringsutvikling AS

Styret i Njøs næringsutvikling AS er gjennom tidlegare styreleiar gjort kjend med at Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å selja aksjane sine i selskapet. På vegne av styret i Njøs næringsutvikling AS, oppmodar underteikna Sogn og Fjordane fylkeskommune om å revurdere dette standpunktet. Dette med bakgrunn i Graminor AS sitt styre sine vurderingar for Njøs frukt- og børsenter sin samla styrke.

Graminor AS driv sortsutvikling i jord- og hagebruksvekster, der avdelinga på Njøs driv sortsutvikling i frukt og bringebær, medan sortsutvikling i jordbær er ved Graminor sitt hovudkontor på Bjørke. Finansieringa av sortsutviklinga er via offentlege tilskot over jordbruksavtalen, men det er også ei viss inntening gjennom royalties på sal av plantemateriale.

Utvikling av nye sortar er eit langsiktig arbeid, og den høge kompetansen som krevst for å lukkast, må byggjast opp over tid. Foreklarane på Njøs, som har ansvar for sortsutviklinga, har ein alder som tilseier snarleg rekruttering, og i tillegg trengs også betydelege investeringar i tidsmessige bygningar og teknologi. Eitt alternativ som vert vurdert, er å samla all frukt- og bærforedling på Njøs, men det er ein høg risiko å ta for eit lite fagmiljø som Njøs. Difor er det særskilt viktig at Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram som ein aktiv eigar i Njøs næringsutvikling, då dette vil signalisera til styret i Graminor at fylkeskommunen framleis står bak selskapet.

Styret i Graminor utsette vedtaket om å samla all sortsutvikling i frukt og bær på Njøs i møte 17.10.2017, og skal ha nytt møte den 7. desember, der adm. dir. skal leggja fram ein rapport for korleis næringa og det offentlege stiller seg til ei slik samling. Det vil innebera store investeringar både i fast eigedom og personalressursar, og styret i Graminor treng langsiktige signal frå fleire aktørar for å kunna vera mest mogeleg trygge på å gjera eit rett vedtak.

Me ber om svar på dette brevet innan 1.desember 2017.

/

Helsing

Stein Harald Hjeltnes

(dagleg leiar i Njøs næringsutvikling AS)

Idun Christie

(styreleiar i Njøs næringsutvikling AS)

